

Møre og Romsdal Fylkeskommune

TUSSA ENERGI AS

Langemyra 6, 6160 Hovdebygda
Telefon: 70 04 62 00
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 14386
NO 876 795 442 MVA

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sak/dok.nr.:	Arkivref.:	Dato:
	Terje Myklebust	15/00057-5 TM/IH	312	31.05.2021

Fråsegn - plan for Møre og Romsdal vassregion

Vi viser til høyringsdokumenta og orienteringsmøte ang planane for vassregionen. Som kommentert i høyringsmøte meiner Tussa at kostnadane med minstevassføring frå vasskraft der 10 tiltak er stipulert med 0 i investeringskostnad og 4,5 mill. kr i driftskostnad, dette er altfor lavt kalkulert.

Tussa har nyleg fått vedtak om opning av vilkårsrevisjon for Åmelavassdraget. Det er stilt krav om miljøbasert minstevassføring i to delfelt i Vanylven kommune. Desse to delfelta utgjør ca. 1/3 av nedslagsfeltet til Åmela kraftverk. Dersom det vert pålagt minstevassføring til dømes på 160 l/ s vil det gi ein redusert produksjon på om lag 6,5 GWh/år (årsforbruket til 325 normalhustandar).

Noverdiberekning av samfunnsøkonomisk tap for dette er berekna til 52 mill. kr ved framtidig straumpris på 40 øre/kWh (realrente på 5%). Investeringskostnad for tiltaka er stipulert i størrelse på omlag 10 mill.kr. I tillegg vil det vere årlege driftskostnader med til dømes å pumpe minstevassføringa frå magasinet og dokumentasjon av vass-sleppinga. Ei minstevassføring fører til mindre produksjon som gir mindre inntekter til kraftselskap og mindre skattar til fellesskapen. Dette er etter vår erfaring kostnadsbilde som også andre regulantar i fylket opplever.

Lakselus er også ei problemstilling som det bør skaffast meir kunnskap om, då det vil redusere effekten av tiltaka i lakseførande vassdrag, dersom angrepa frå lakselus reduserer overlevinga på laksen.

Vi forventar at kostnadstal vert korrigert før planen vert vedteken og at det vert satsa på kunnskap og tiltak mot lakselus, slik at vi alle kan hjelpe til og betre miljøtilhøva i vassdraga.

Med vennleg helsing

Tussa Energi AS



Terje Myklebust
Kraftverkssjef